

---

Vår referanse 2020/61468-9  
Dato 25.11.2020

---

Tor Erik Aven  
Sævråsvegen 304  
5957 Myking

## Førehandstilsegn - Avkjøyrslø - Fv 5462 - Gnr 43 bnr 2 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 13.08.2020.

### **Vedtak**

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til etablering av avkjøyrslø frå fylkesveg 5262 Sævråsvegen til gnr. 43 bnr. 2 i Alver kommune. FV5462 S1D1 m2678

**Avkjøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.**

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjøyrsløer fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

### **Vilkår for løyvet**

1. Avkjøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan vedlagt søknaden. I tillegg skal ein følgje krav til utforming som vist i *Prinsippkisse* lagt ved løyvet.
2. Løyvet gjeld til eksisterande bustad / landbruksføremål.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjøyrslø skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebana. Eventuelle planter, terreng eller liknande kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter, *sjå Prinsippkisse*.
4. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkjøyrslø skal vere 5 meter, *sjå Prinsippkisse*.
5. Stigningskravet skal haldast. Vi vil her gjere særleg merksam på at avkjøyrslø skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm dei to meterane, *sjå Prinsippkisse*.
6. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkjøyrslø, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

8. Dersom avkøyrsla går over ei veggroft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrse*.
9. Før arbeid med avkøyrsla vere sett i gong, må det innhentast naudsynte løyver for tilkomstvegen. Vestland fylkeskommune skal ha søknad om tilkomstveg tilsendt på høyring.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
11. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må de ta kontakt med Vestland fylkeskommune som skal godkjenne avkøyrsla og gje eit eventuelt bruksløyve.

Eigaren eller brukaren av avkøyrse har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrse frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk er 450 ÅDT. Strekninga er klassifisert til haldningsklasse 3 jf *Rammeplan for avkøyrslar og strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrænse for riks og fylkesvegar i Region vest (2017 - 2020)*.

Søknaden er grunngeve med at dagens avkøyrse er trafikkfarleg, samt at ein må køyre gjennom tunet til naboen. Ei løysing som er vurdert er å ha avkøyrse mot det kommunale vegen. I følgje søkar vil denne tilkomsten vere bratt og vanskeleg å byggje. Fordelen ville vore at ein kjem vidare ut på vegnettet om kommunalt kryss, og med grei tilkomst til busshaldeplass.

For strekningar som er klassifisert til haldningsklasse 3, skal talet på direkte avkøyrslar til fylkesvegen vere avgrensa. Dagens avkøyrse kan ikkje stengast sidan det framleis er knytt ein brukar til denne. Med bakgrunn i at ein får redusert trafikken i ei trafikkfarleg avkøyrse, finn vi at det likevel kan vere ein fordel for trafikktryggleiken på denne strekninga å gje løyve til ei ny avkøyrse på strekninga.

Løysinga det er søkt om krev opparbeiding av landbruksveg over strekning på omlag 330 meter, dels over dyrka mark. Vi gjer merksam på at Vestland fylkeskommune skal ha denne saka på uttale, både for tilhøve som gjeld byggjegrænse langs veg og kultur. Arbeid med avkøyrsla må ikkje setjast i gang før det føreligg eit løyve for tilkomstvegen.

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:  
Prinsippskisse  
Melding om opparbeidd avkøyrsl  
Situasjonsplan

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fylkesveg 5462 S1D1 m2675 til gnr. 43 bnr. 2 i Alver kommune er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 25.11.2020.

.....  
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....  
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN